

INNSPEL TIL REGIONAL PLAN FOR INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING I VESTLAND

Innleiing

Måløy Vekst kjem her med sine innspel til arbeidet med Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Planen er svært viktig for næringsutvikling, folketalsutvikling og vekst, og vi ser fram til å samarbeide med Vestland fylkeskommune om å realisere målsettingane i åra framover. Vi vil skryte av prosessen som sikrar brei involvering, og høve til å påverke planen på både overordna og konkret nivå.

Om Måløy Vekst

Næringslivet i regionen, representert ved ca. 90 verksemder, og Kinn kommune er aksjonærar/medlemmar i selskapet. Eigarane har mellom 3 og 4 tusen tilsette både lokalt, nasjonalt og globalt, og har ei årleg omsetning på over 15 milliardar kroner årleg. Måløy Vekst er eit serviceselskap for næringslivet, som skal informere og legge til rette for ny verksemd og infrastruktur, gje gründer veiledning, samt vere ein møteplass for næringslivet og kommunen.

Måløy Vekst skal og vere ein samfunnsbyggjar. Utan ein grunnleggande tanke om å utvikle samfunnet rundt oss vil det vere vanskelig for oss å skape vekst innanfor dei fleste bransjane som Måløy Vekst representerer. I tillegg skal Måløy Vekst kunne bruke sin tyngde i politiske prosessar der det er hensiktsmessig, og då spesielt med fokus på å drive fram ein positiv nærings- og samfunnsutvikling. Måløy Vekst ynskjer å ha ei tydeleg stemme inn mot offentlege prosessar og bidra til at våre medlemsbedrifter sine behov for vekst og framtidsutvikling vert høyrdd.

Overordna innspel til planen

Planen synleggjer på ein god måte både styrker, moglegheiter og utfordringar for utvikling av framtidens berekraftige næringsliv. Samstundes saknar vi ei tydelegare presisering på kysten og næringslivet langs kysten si rolle i både å nå måla, men og kva utfordringar ein må løyse for å oppnå dei.

Kystregionen på Vestlandet har potensialet til å verte den mest vekstkraftige regionen i landet. Å utnytte potensialet for berekraftig vekst og utvikling langs kysten føreset ei tydeleg prioritering og satsing på å byggje sterkare bu-, arbeids-, og serviceregionar. Fragmenterte miljø, samt små byar og tettstader utan eit omland innan akseptabel reisetid er kanskje det største hinderet for å utnytte det vekstpotensialet vi har innan framtidens vekstnæringar.

Vi tilet oss her å nemne blant anna fiskeri, havbruk, energiproduksjon, transport, skipsdesign og konstruksjon, industri, foredling, produktutvikling, teknologi, samt bærekraftig reiseliv som nokre eksempel på næringar som har eit enormt potensiale for bærekraftig vekst og velstandsproduksjon i åra framover, der dei naturgitte

føresetnadane, samt kompetansen, erfaringa og innovasjonskrafta allereie ligg i etablerte miljø og lokalsamfunn langs kysten.

Om fylkeskommunen ynskjer å bidra til realisering av den potensielle verdiskapinga som vert peika på i vestlandscenarioene, så må og fylkeskommunen spisse prioriteringane sine for å gjere kystområda og kystnæringane best muleg rusta for den innovasjonen og utviklinga som vil komme. Her vil vi konkret nemne betra vegsamband og kommunikasjonar for å sikre tilgang til arbeidskraft i større geografiske område enn i dag, samt styrka utdanningar og forskingsmiljø lokalisert nærast muleg næringane, som viktige tiltak.

Berekraftige og inkluderande bu- og arbeidsmarknadsregionar

I planen vert det peika på «behovet for å etablere felles geografisk regioninndeling på tvers av forvaltningsnivå som er hensiktsmessig for brukarar av ulike tenester.

Infrastruktursatsingar i fylket må bidra til å utvikle større bu- og arbeidsmarknadsregionar». Dette er vi heilt samd i, då lite hensiktsmessige regioninndelingar fort hindrar naudsynt innovasjon, næringsutvikling og næringslivet sitt behov for tilgang på kompetanse og arbeidskraft.

Igjen vil vi peike på viktigheten av å sjå på kysten som ein svært viktig verdiskapingsregion i Vestland. Næringslivet i kystnæringane treng tilgang til andre verksemder, varer, tenester, arbeidskraft og kompetanse som ein i all hovudsak finn langs kysten. Då må kommunikasjonane nord-sør prioriterast slik at ein knyt desse miljøa og kompetansen saman i felles bu- og arbeidsregionar.

Utdanning, kompetanse og rekruttering

Ei av dei største utfordringane for næringsutviklinga og omstillinga er tilgangen på kompetanse og arbeidskraft. Her vil vi peike på viktigheten av desentraliserte utdannings- og forskingsmiljø nærast muleg, og i tett samarbeid med næringslivet. Spesifikt vil vi peike på vidareutvikling og styrking av dei maritime og marine utdanningane ved Måløy Vidaregåande skule og Fagskulen i Måløy, som viktige bidrag for å styrkje tilgangen til kompetanse for bedriftene.

Eit anna konkret eksempel er samarbeidet mellom NMBU og MMR Ocean Blue, der bachelor- og mastergradstudentar frå NMBU skal få praksisopphald i bedrifter langs kysten i Kinn som ein del av utdanningane sine. Å knytte utdanning og forskning med næringslivet på denne måten har vi tru på at vil gje positive effektar for både forskinga og næringslivet.

Ein må i tillegg jobbe med tiltak for å styrke lokal attraktivitet, bulyst, senterutvikling og god infrastruktur slik at ein i større grad klarer å sikre tilflytting av både nye og tilbakevendande innbyggjarar.

Fylkeskommunen kan og bidra til oppbygginga av lokale kompetanseklynger gjennom å gje tilsette i fylkeskommunen rett til å bu og arbeide kor dei vil i Vestland fylke så sant ikkje arbeidsoppgåvene må utførast på ein bestemt stad (for eksempel lærarar på vidaregåande skule). Dette vil både kunne betre fylkeskommunen sin tilgang på dei beste og mest kompetente tilsette, men det vil og føre til at ein får bygd sterkare kompetansemiljø i lokalsamfunna. Fylkeskommunen bør leige kontorplassar til tilsette i lokale kompetansemiljø, slik at ein både bidrar med lokale arbeidsplassar, men og at ein vert ein del av eit utviklande miljø med både næringsliv, utdanning, forskning, verkemiddelapparat og offentleg forvaltning. Eit eksempel på slike kompetansemiljø er Peak i Florø, Førde og Måløy.

Berekraftig næringsliv

Næringslivet langs kysten er i stor omstilling. Potensialet er stort for å skape framtidens berekraftige næringar og verdier. Samstundes syner næringslivet at dei har den naudsynte viljen, kunnskapen og endringsviljen til å lukkast. Det må likevel påpeikast at krava som vert stilt ovanfor næringslivet må ikkje være konkurransevridande ovanfor andre innanlandske eller utanlandske konkurrentar. Berekraft er i dag eit konkurransefortrinn for næringslivet langs kysten, det offentlege må ikkje legge hindringar eller kostnader på næringslivet som gjer det til ein konkurranseulempe.

Det er mykje god tilrettelegging som kan gjerast av både fylkeskommunen og andre offentleg aktørar for å leggje til rette for eit framtidsretta og berekraftig næringsliv. Ein bør støtte opp om og bidra i utviklingsprosjekt som nettopp prøver å samle aktørar for å finne framtidsretta løysingar og nye måtar å organisere næringsaktiviteten på. Blant anna er det eit stort potensiale innan berekraftig reiseliv, der både det offentlege og næringa bør samarbeide om å sjå på nye løysingar og produkt for vidare turistsatsing.

Samarbeid for å nå måla

Samarbeid er avgjerande for å lukkast, og samarbeid er vi gode på i Vestland. Vi håper at Vestland fylke vil halde fram med å ha god kontakt med lokale og regionale organisasjonar og næringsapparat for å sikre at ein har korte linjer og god kommunikasjon om dei utfordringane næringslivet står ovanfor, og ikkje minst alle dei moglegheitene dei kommande åra vil bringe. Her er det viktig å peike på at vi er svært positive til at fylkeskommunen har formaliserte og gode arenaer der ein møter fylkesdekkande organisasjonar, men like viktig er det at fylkeskommunen og har god kontakt på lågare nivå mot næringslivet og dei einskilte bransjane.

Avslutning

Vi synes planen er veldig god, og den syner på ein god måte kva moglegheit og hindringar næringslivet står ovanfor i åra framover. Vi trur planen kan være eit godt bidrag til ei positiv utvikling, men då trur vi at ein i noko større grad må spisse satsingane og prioriteringane i planen. Om ein spreier satsingane tynt utover, så vil ein oppnå mindre



enn om ein klarer å gjere tydelege prioriteringar der potensialet er størst. Vi takkar for samarbeidet så langt i prosessen, og ser fram til å samarbeide vidare med Vestland fylkeskommune om å realisere målsettingane i planen.

Med helsing



FRANK WILLY DJUVIK
Prosjektansvarleg

+47 926 26 976
frank@maloyvekst.no

www.maloyvekst.no